

Møtereferat

Dato: 03.03.2017

Til stades:	Stord kommune: Ove Kvalnes, Sylve Rusten, Tova Vikanes Agdestein og Harald Oddvar Sæbø SVV: Lars Tore Martinsen og Eva Birgitte Teige HFK: Gunhild Raddum (referent)		
Forfall:	Merete R. Hageberg		
Emne:	Sykkelenbyen Stord - referat frå møte 15.02.2017	Sak:	2015/3680-12

1. Gjennomgang av referat.

Oppfølgjing:

Ingen merknadar.

2. Status for pågående planar og prosjekt:

Reguleringsplan Fv 544 Vabakkjen – Øvre Sæ (Miljøgata):

Planen har vore på høyring og ein del tilbakemeldingar har vore negative. Det har særleg vore skepsis til planen blant aktørar i næringslivet. Tilsvarande innspel vart og formidla på folkemøtet som vart halde om saka. Det har vore synfaring med partar i næringslivet og det er gjort enkle forbetingstiltak i den samanheng.

Andre prosjekt:

- Kårevikvegen skal vere ferdig til september, men her er nokon forseinkingar
- Rommetveitvegen venter bare på statlege tilskotsmidlar (dei er no komein)
- G/S- veg langs vegen til Skjersholmane. Usikkert om denne er lyst ut og kontrakt med entreprenør inngått.
- G/S-veg langs E39 Boravik – Grov vil vere ferdig i løpet av våren
- G/S – veg langs Skrivarvegen, kontrakt om oppstart er undertekna
- Teljepunkt, her venter ein berre på å få dei grafiske underpunktene på plass og dette er noko forseinka
- Stordpakken, her er det noko uvisse og ein venter på planer som er ferdig og godkjent. Trafikkmodelering vert sett i gang i desse dagar.

3. Sykkeldagen den 05. Mai

Sylve
Lars Tore
Gunhild

Sykkeldagen vil vere ein del av «Folkehersedagane» på Stord, og dette arrangementet vil gå over fleire dagar. Koordinator er Iselin Arnesen. Tidspunkt for aktivitetar knytt til sykkel vart diskutert, og for å få med skoleelevar er det naudsynt med ein litt tidleg start. Sykkelaktivitetane vil i hovudsak vere på Torget. Aktivitetar vart diskutert, mellom anna Kahoot. Gruppa som er sett til å planlegge dagen vil jobbe vidare med innhaldet.

4. Diverse sykkelVM i Bergen 2017

Bergen 2017 har fokus på folkehelse og initierer fleire aktivitetstilbod, særleg retta mot barn og unge, opp mot VM. «Alle barn sykler» er eit tilbod, men skolane opplever at dette er for kostbart å vere med på. Kommunen har og fått tilbod om eit undervisningsopplegg som kan nyttast i skolen, men vil mest sannsynleg prioritere tiltak i eigen regi. Til dømes vil det vere aktuelt å nytte frivillige (Kirkens bymisjon mellom anna) som kan bidra med hjelp og opplæring knytt til vedlikehald av syklar. Sykkelbyen Stord kan bidra med syklar og verktøy. Tiltaket kan kopast på eit eksisterande oppvekstprosjekt i skolen.

Bergen 2017 har inngått avtale med TV2 og TØI om ein aktivitetsapp som skal lanserast i heile landet. Her vil det vere behov for ulike målpunkt i kvar kommune. Stord følgjer opp dette.

5. Nasjonal sykkelteljedugnad

TØI har invitert alle sykkelbyene til å samle inn ein rekke data som skal danne grunnlag for ein omfattande undersøking om sykkelbruk. Eigenandel for kvar deltakar er på kr 200 000,-. Sykkelbyen Stord ønskjer ikkje å delta.

6. Sykkelparkering ved skolane

Status for sykkelparkering må kartleggast slik at omfang og behov ved den einskilde grunnskole er kjent. Sykkelbyen Stord deltek på rektormøte for å klargjøre prosessen vidare med å etablere sykkelparkering for både elever og tilsette. Stord vidaregående skole vil få sykkelparkering gjennom eit eget prosjekt i regi av fylkeskommunen.

Harald
oddvar og
Lars Tore

7. Gjennomgang av handlingsplan

SVV

Sykkelbyen Stord har gjennomført ein sykkelveginspeksjon og er tildelt 2,4 mill kr til opprettning av veg. Det må lagast ein prosjektoversikt over punkt som må forbetras slik at arbeidet kan starte.